



Dette er 2 av småhyttene som skal fjernast og dei skal erstattast av ei hytte. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kommunen har gjeve eit mellombels svar til Rabben Feriesenter på søknaden om fjerning av småhytter og byggjing av nye. Kommunen minnar om at det skal haldast meklingsmøte med Fylkesmannen om deler av reguleringsplanen 24. denne månaden.**

På møtet stillar plankontoret i kommunen og representantar for forvaltningskomiteen.

Administrasjonen vil avventa saksbehandlinga av søknaden om hyttene til meklingsmøtet er over. Vilkår for 3 vekers handsamingstid vert såleis ikkje innfridd frå kommunen si side.

Men søknaden er mangelfull. Det manglar erklæring frå båtlaget for byggjing nær eigedomsgrense og utgreiing og løyve for vasstilkobling frå vassverket og eventuell avløpstilknytning til kommunalt avløp.'

På grunn av manglane i søknaden er vilkåra om 3 vekers handsamingstid likevel ikkje til stades. Tida tek til å gjelda først når sknaden er komplett.

Av Ola Matti Mathisen